



Kyrkjeårsprefasjonar

Liturgen syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen.

Advent

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda for å oppfylla dei lovnadene du gav folket ditt gjennom profetane. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Jul og Maria bodskapsdag

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som for vår skuld vart menneske for at vi skulle bli dine born, frelste ut av mørkret og inn i ditt underfulle lys. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Openberringstida

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som openberra din herlegdom for verda, så den som følgjer han, ikkje skal vandra i mørkret, men ha lys og evig liv. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Faste

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han

som elska oss og gav seg sjølv for oss, så han vart lydige til døden, ja, døden på krossen. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Påske

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det rette påskelam, som har borte våre synder, og ved si oppstode har han sigrat over døden. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Helgetorsdag og søndag før pinse

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som fór opp til himmelen og no sit ved di høgre hand. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Pinse

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som sit ved di høgre hand og har sendt Den heilage ande over vitna sine, så ditt folk kan jubla i glede og forkynna dine store gjerningar på mange tungemål. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Treiningstida 1

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

eller 2

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv, så den som kjem til han, ikkje skal svelta, og den som trur på han, aldri skal tørsta. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

eller 3

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som kom til oss med himmelriket og forkynte den glade bodskapen, så syndarar får sitja til bords i ditt rike. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

eller 4

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som gjorde oss til sine læresveinar og lova å vera med oss alle dagar så lenge verda står. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Helgemessesøndag og martyrdagar

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som var frelsar og førebilete for alle dine heilage som har fullført løpet og teke vare på trua. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Velsigningsord

Som hovudregel nyttar ein den aronittiske velsigninga ved hovudgudstenestene, og alltid når dei blir feira som høgmesse.

I gudstenester med særskilt tema eller fokus, kan eit av velsigningsorda nedanfor eller andre eigna velsigningsord nyttast.

1.

Ein kan nytta den apostoliske velsigninga i gudstenester der den ikkje har vore nytta som inngangsord.

L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

2.

Kan syngjast eller seiast fram:

A | Velsign oss, Gud Fader. Velsign oss, Guds Son.

Velsign oss, Guds heilage Ande.

Amen.

3.

L | Velsigninga frå Gud, vår skapar.

Jesus Kristus, vår frigjerar,

og Den heilage ande, vår

livgjevar, vere med dykk alle.

A | Amen.